

Guds rike - 4

Skjermbilde på imf.no/erik

Likninga om såmannen og såkornet:

«Ein såmann gjekk ut for å så. Og då han sådde, fall noko attmed vegen, og fuglane kom og åt det opp. Noko fall på steingrunn der det var lite jord, og det skaut straks opp fordi jorda var grunn. Men då sola steig, sveid det av og visna, for det hadde ikkje rot. Noko fall mellom klunger, og klungeren voks opp og kvelte det. Men noko fall i god jord og gav grøde: noko hundre gonger det som var sådd, noko seksti, noko tretti gonger». **(Matteus 13:3-8)**

Likninga om kveiten og ugraset:

«Himmelriket kan liknast med ein mann som hadde sådd godt korn i åkeren sin. Men medan folket sov, kom fienden hans og sådde ugras i kveiten og gjekk sin veg. Då kornet voks opp og skaut aks, kom ugraset òg til syne. Tenarane gjekk til jordeigaren og sa: 'Herre, sådde du ikkje godt korn i åkeren din? Kvar kjem då ugraset frå?' 'Det har ein fiende gjort', svara han. 'Vil du vi skal gå og riva det opp?' spurde dei. 'Nei', svara han, 'for når de riv opp ugraset, kunne de samstundes koma til å riva opp kveiten. Lat dei begge veksa side om side til hausten. Og når tida for innhaustinga kjem, vil eg seia til dei som haustar inn: Sank først saman ugraset og bunt det i hop til å brennast. Men kveiten skal de samla i låven min.'» **(Matteus 13:24-30)**

Likninga om kveiten og ugraset:

Luk ikkje ugraset i åkeren: «Den som høyrer orda mine og ikkje tek vare på dei, dømmar ikkje eg. For eg er ikkje komen for å dømma verda, men for å frelsa verda. Den som seier nei til meg og ikkje tek imot orda mine, har ein dommar over seg: **Det ordet eg har tala, skal dømma han på den siste dagen**». (Johannes 12:47-48)

*«Det er **forkyndelsen**, ikke **forkynderne** jeg dømmar»*

Biskop J.C.Heuch i boka «Mod strømmen»

Likninga om sennepsfrøet:

«Ei likning til sette han fram: «Himmelriket er likt eit sennepsfrø som ein mann tok og sådde i åkeren sin. Det er mindre enn alle andre frø, men når det har vakse opp, er det større enn andre hagevokstrar. Det blir til eit tre, og fuglane under himmelen kjem og byggjer reir i greinene på det.» **(Matteus 13:31-32)**

Likninga om sennepsfrøet:

Professor Hugo Odeberg sa dette om likninga: «Den utveckling av Gudsriket i världen som Nya testamentet skildrar är inte den att de kristna visserligen i början skall vara en liten skara och efter hand bli många och starka».

Tidsskriftet Erevna, årgang 11, nr 2, 1954
(sjå: danhessellund.dk/erevna.html).



Likninga om surdeigen:

«Endå ei likning fortalde han dei: «Himmelriket er likt ein surdeig som ei kvinne tok og la inn i tre mål med mjøl, til alt var gjennomsyra.»

(Matteus 13:33)

I Bibelen er surdeig brukt som symbol på åndeleg ureinskap: «De har sanneleg ikkje stort å skryta av! Veit de ikkje at litt surdeig gjennomsyrar heile deigen? Reins ut den gamle surdeigen så de kan vera ein ny deig: usyra, slik de verkeleg er.» **(1.Kor 5:6-7)**

Sjå også: Matt.16:11-12, Luk.12:1, 1.Kor.5:6-8, Gal.5:9, 3.Mos.2:11

Likninga om surdeigen:

Odeberg kommenterte det slik: «Vad det här talas om och varnas för är ondskan, som om den kommer in i församlingen breder ut sig och växer för att slutligen genomsyra hela degen, om den inte rensas ut i tid».

- «Far bort frå henne, mitt folk, så de ikkje blir medskuldige i syndene hennar og **ikkje ramma av plagene hennar.**» (**Åp.18:4**).
- «Gå ikkje under framandt åk saman med slike som ikkje trur! For kva har rettferd med urett å gjera, og kva har lys til felles med mørker? Korleis kan Kristus og Beliar samstemma? Kva sameinar ein truande og ein vantru? Korleis kan Guds tempel og avgudane forlikast?» (**2.Kor.6:14ff**)

Likninga om skatten

«Himmelriket er likt ein skatt som var løynd i ein åker. Ein mann fann han, og gøymde han att. I si glede gjekk han så bort og selde alt han åtte, og kjøpte åkeren». (**Matteus 13:44**)



«Dersom de no verkeleg vil høyra røysta mi og halda pakta mi, då skal de vera **min eige**dom framfor alle folk – for heile jorda er mi».

2.Mos.19:5

King James Version: «Now therefore, if ye will obey my voice indeed, and keep my covenant, then ye shall be **a peculiar treasure** unto me above all people: for all the earth [is] mine»

Likninga om skatten

«Himmelriket er likt ein skatt som var løynd i ein åker. Ein mann fann han, og gøymde han att. I si glede gjekk han så bort og selde alt han åtte, og kjøpte åkeren». (**Matteus 13:44**)



«Og mange folkeslag og mannsterke heidningfolk skal koma for å søkja Herren, Allhærs Gud, i Jerusalem, og be til Herren. Så seier Herren, Allhærs Gud: I dei dagane skal det henda at ti menn av alle tungemål hjå heidningfolka skal gripa fatt i kappefliken til ein jødisk mann og seia: Vi vil gå med dykk, for vi har høyrte at Gud er med dykk!» **Sak 8:22-23**

Likninga om perla

«Like eins er himmelriket likt ein kjøpmann som leita etter vakre perler. Då han fann ei svært verdfull perle, gjekk han bort og selde alt det han eigde, og kjøpte henne».

(Matteus 13:45-46)



«Kristus elska kyrkja og gav seg sjølv for henne, så han kunne gjera henne heilag og reinsa henne med badet i vatn, i kraft av eit ord. På den måten ville han stilla henne fram for seg i herlegdom utan den minste flekk eller rynke. Heilag og lytefri skulle ho vera». **(Ef 5:25-27)**